

Vår dato  
13.09.2005Vår referanse  
02/1139 - 4159/05Dykkar dato  
30.06.2005Dykkar referanse  
200500140

Utdannings- og forskingsdepartement

Postboks 8119 Dep  
0032 Oslo

Dok. 47  
UFD  
15 SEPT. 2005  
Saksnr. 200500140  
Arkivkode: 50

**Forslag om ny felles forskrift om opptak til universitet og høgskolar - fråsegn frå Høgskulen i Sogn og Fjordane**


Vi viser til brev frå Utdannings- og forskingsdepartementet dagsett 30. juni 2005, der høyringsinstansane vert bedt om å kommentere forslag til ny forskrift om opptak til universitet og høgskolar.


Høgskulen i Sogn og Fjordane ser positivt på samanslåinga av dei forskriftene som til no har regulert opptaket til grunnutdanningar ved universitet og høgskolar. Etter HSF sitt syn er den føreståande forenklinga viktig for å sikre ein ryddig opptaksprosess og likebehandling av søkjarane.

Når det gjeld dei enkelte punkta i forskrifta, har HSF ein kommentar til § 7-15. *Realfagspoeng*. HSF ser ingen grunn til å differensiere utteljinga for dei ulike realfaga på VKII-nivå, og støtter derfor alternativ 1 i forslaget (eit halvt realfagspoeng for kvart av faga 2MX/2MZ, 2BI, 2FY og 2KJ og eitt realfagspoeng for kvart av faga 3MX/3MZ, 3BI, 3FY og 3KJ, maksimalt seks poeng).

HSF har elles ingen særskilte kommentarar til dei enkelte punkta i utkastet.

Med helsing

  
Terje Bjelle  
underdirektør

  
Einar Walstad  
førstekonsulent